

Bilete 1

Velkommen til VismalnSchool. Det nye skuleadministrative systemet frå Visma.

Du får informasjon om nettadresse for innlogging frå din aktuelle skule. Adresse for pålogging finn du på nettsida til skulen.

ID-porten blir brukt til pålogging for føresette.

Bilete 2

Når du har logga inn, kjem du til startside. Det første du møter er timeplanen og her finn du som føresett timeplanen til din elev. Det kan vere variasjon i eleven sin timeplan frå veke til veke. Du kan bla deg fram og tilbake mellom vekene ved å klikke på pilene ved sida av datoen, eller klikke på datoen for å få opp ein kalender.

Når du klikkar på ein undervisningstime vil du sjå meir informasjon – blant anna lærar og rom.

Bilete 3

På toppen finn du ein knapp med namnet ditt. Ved å trykke på knappen kan du endra språk eller setje målform. Det er og her du logger deg ut av systemet.

Når du klikkar på namnet til eleven får du ein undermeny. Under personalia kan du sjå informasjon om eleven og skulen.

I Rogaland får føresette tilgang til timeplanar, kontaktopplysningar og læreplanar. I løpet av skuleåret 2020/2021 får du og tilgang til fråvær.

Under læreplanar du lese meir om aktuelle læreplanar ved å trykke på forstørrelsesglaset.

Under kontaktopplysningar kan du sjå din eigen informasjon.

Bilete 4

Me anbefaler at du registrerer mobilnummer og e-postadresse. Klikk på redigerknappen og legg inn opplysningane dine. Me ber om kontaktopplysningar slik at skulen kan nå deg ved behov og for å sikre eit godt samarbeid mellom heim og skule.

Bilete 5

Om du ikkje har tilgang til informasjon under eit menypunkt vil du få denne meldinga. Husk at tilgangen til fråvær kjem i løpet av skuleåret 2020/2021.

Bilete 6

Når eleven fyller 18 år, er det eleven sjølv som bestem om føresette skal ha tilgang og kva dei får tilgang til. Husk at både føresett og elev må signere eit samtykke for at du som føresett framleis skal ha tilgang til å logge deg inn i systemet.

Det er eleven sjølv som gir tilgang til kva føresette kan sjå av timeplanar, læreplanar, kontaktopplysningar og fråvær.

Bilete 7

Ta gjerne kontakt med skulen om du lurar på noko. Lykke til!